



NORSK LOVTIDEND

Avd. I Lover og sentrale forskrifter mv.

Utgitt i henhold til lov 19. juni 1969 nr. 53.

Kunngjort 12. april 2021 kl. 16.00

PDF-versjon 30. april 2021

09.04.2021 nr. 1130

Forskrift om endring i forskrift om opptak til høgare utdanning

Heimel: Fastsett av Kunnskapsdepartementet 9. april 2021 med heimel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven) § 3-6, § 3-7 og § 4-9.

I

I forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning er det gjort følgjande endringar:

§ 4-5 nytt femte ledd skal lyde:

(5) For opptak til studieåret 2021–2022:

Integrerte masterstudium i økonomi og ledelse ved Handelshøyskolen BI har krav om matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2).

§ 4-7 femte ledd skal lyde:

(5) *Faglærerutdanning i praktiske og estetiske fag og Lærerutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13* (5-årig) har krav om at søkjarar må dokumentere minimum 35 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 3,0 i matematikk (224 timar). Søkjarar til faglærerutdanning i musikk, dans og drama må i tillegg dokumentere kunnskapar og ferdigheiter i musikk, dans eller drama etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

§ 4-8 nytt femte ledd skal lyde:

(5) For opptak til studieåret 2021–2022:

Engelskspråkleg bachelorstudium ved Handelshøyskolen BI har krav om at søkjarar må dokumentere minimum karakteren 4,0 i fellesfaget engelsk (140 timar). Karakterkravet i engelsk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i engelsk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarende.

II

Endringsforskrifta trer i kraft straks.